



Vekselbanken

Ein god medspelar



DELÅRSRAPPORT 1. kvartal 2026

Voss, 12. mai 2026

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Postboks 10, 5701 Voss

Telefon: 56 52 35 00

www.vekselbanken.no

E-post: post@vekselbanken.no

DELÅRSRAPPORT 1. KVARTAL 2026

GENERELT

Rekneskapen er utarbeidd etter IFRS (International Financial Reporting Standards).

Banken har utarbeida konsernrekneskap og konsolidert inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eigd 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS. Tala under er konserntal der anna ikkje er oppgjeve

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før tap for utgangen av 1. kvartal på 21,1 mill. kr. Dette er ein reduksjon på 5,0 mill. kr i høve til same periode i 2025. Resultat av ordinær drift før skatt er 21,7 mill. kr mot 26,6 mill. kr i 2025. Resultat etter skatt er 16,3 mill. kr mot 20,0 mill. kr i 2025.

Totalresultat pr. utgangen av 1. kvartal 2026 er 17,4 mill. kr mot 22,6 mill. kr for same periode i fjor.

Eigenkapitalavkastninga etter skatt og med eigenkapitalen justert for hybridkapital er 7,8 % pr. utgangen av 1. kvartal i år mot 10,4 % for tilsvarende periode i fjor. Banken opplever eit press på rentenetto, og dette vert delvis oppvegd av solid utlånsvekst. Fall i rentenivå gjev også noko lågare avkastning på likviditetsportefølja. Banken og Aktiv Voss gjorde ei investering i nye medarbeidarar på kundesida i 2025, og dette får full kostnadseffekt i 2026 medan inntektene kjem litt forseinka. Dette er i tråd med dei planane banken har lagd for vidare vekst i åra frametter. Det er venta at resultatet styrkar seg utover året.

RENTENETTO

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter ved utgangen av 1. kvartal er bokført til 32,1 mill. kr. Dette er ein reduksjon på 1,0 mill. kr frå same periode i 2025. Det er ein god volumvekst, men ein reduksjon i rentemarginen. Rentemarginen, definert som netto renteinntekter i prosent av rådveldkapital, er ved utgangen av 1. kvartal 1,85 % (2,06 %).

ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Ved utgangen av 1. kvartal bokfører banken akkumulert netto andre driftsinntekter på 11,5 mill. kr. Dette er ein reduksjon på 1,1 mill. kr samanlikna med same periode i fjor. Netto provisjonsinntekter aukar med 0,6 mill. kr i høve til 2025. Utbytte er på same nivå, og netto verdiendring på finansielle instrument er redusert med 1,9 mill. kr., og dette skuldast mindre avkastning på likviditetsportefølje grunna rentenedgang og kursendringar. Andre inntekter aukar med 0,1 mill. kr.

DRIFTSKOSTNADER

Banken sine driftskostnader er ved utgangen av 1. kvartal bokført til 22,5 mill. kr mot 19,6 mill. kr i fjor. Løn og andre personalkostnader har auka med 1,9 mill. kr i høve til 2025, medan andre driftskostnader aukar med 0,8 mill. kr. Avskrivningane aukar med 0,2 mill. kr.

Banken har styrka bemanninga med fire nye tilsette i kundeposisjon i 2025, og ein ny tilsett i kontrollfunksjonar. Dette for å kunne ta vidare vekst frametter. Vidare har Aktiv Voss AS styrka bemanninga med to nye tilsette innan eigedomsmeikling. Konsernet får full kostnadseffekt av dette i 2026 medan inntektene kjem i etterkant.

TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

Ved utgangen av 1. kvartal har banken netto tilbakeført tap og nedskrivningar på utlån med 0,7 mill. kr mot ei tilbakeføring på 0,6 mill. kr i fjor. For nærare spesifisering, sjå note 2 og 3.

Banken har vidareført dei ekstraordinære bransjevise nedskrivningane knytt til auka usikkerheit med vedvarande inflasjons over målet til Noregs Bank, og auka makroøkonomisk usikkerheit på 8,2 mill. kr. i 1. kvartal 2026.

RÅDVELDEKAPITAL

Banken sin samla forretningskapital inklusive lån overført til Eika Boligkreditt er ved utgangen av 1. kvartal er 8.028 mill. kr. Dette er ein auke på 657 mill. kr (+8,9 %) siste året. Rådveldekapitalen på eiga bok er 6.971 mill. kr. ved utgangen av 1. kvartal.

INNSKOT

Innskot frå kundar er ved utgangen av 1. kvartal på 4.960 mill. kr. Dette er ein auke på 307 mill. kr (+6,6 %) siste 12 månader. Innskotsdekninga ved utgangen av 1. kvartal er 80,0 % mot 81,5 % på same tidspunkt i fjor.

Innskota isolert for 1. kvartal er redusert med 89,2 mill. kr.

UTLÅN

Banken har ved utgangen av 1. kvartal i år hatt ein auke i utlåna siste året, inklusive lån i Eika Boligkreditt (EBK), på 692 mill. kr (+10,6 %). Utlånsauken til privatkundar er 703 mill. kr (+12,8 %), medan det er ein reduksjon i utlån til næringskundar på 10 mill. kr (-1,0 %). Brutto utlån inklusive lån overført til EBK er ved utgangen av 1. kvartal 7.258 mill. kr (6.565 i 1. kvartal 2025).

Brutto utlån til kundar eksklusive lån overført til EBK er 6.201 mill. kr mot 5.708 mill. kr ved utgangen av 1. kvartal 2025. Av samla utlån er 1.062 mill. kr (17,1 %) utlån til næringsverksemd og 5.139 mill. kr (82,9 %) til personmarknaden. Lån til personmarknaden som er overført til EBK utgjør ved utgangen av 1. kvartal 1.057 mill. kr. Det gjev ein overføringsgrad av PM-lån til EBK på 17,1 % mot 15,6 % i 2025. Dette utgjør 14,6 % (13,1 %) av samla utlån. Den låge overføringsgraden gjev banken eit godt potensiale til vidare vekst og tilgang til likviditet gjennom auka bruk av EBK.

LIKVIDITET

Likviditeten i kvartalet har vore god gjennom høg innskotsdekning, moglegheit for bruk av Eika Boligkreditt, og også tilgang til finansiering i obligasjonsmarknaden. Banken har pr. 1. kvartal uteståande obligasjonsgjeld på 1.006 mill. kr mot 934 mill. kr ved utgangen av 1. kvartal 2025. Sjå note 8 for nærare detaljar. Ved utgangen av 1. kvartal rapporterer banken godt over minstekrava for likviditetsindikatorane med LCR 232 % og NSFR 136 %.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Banken har ein kapitaldekningsprosent på 28,62 % ved utgangen av 1. kvartal mot 23,44 % på tilsvarende tidspunkt i fjor. Netto ansvarleg kapital i banken er 854,8 mill. kr, mot 796,9 mill. kr same periode i fjor.

Kjernekapitalen til banken er 774,8 mill. kr, medan banken sin reine kjernekapital er 724,8 mill. kr ved kvartalsskiftet. Dette gjev ei kjernekapitaldekning på 25,94 % (21,09 % i 1. kv. 2025) og ei rein kjernekapitaldekning på 24,26 % (19,62 % i 1. kv. 2025) av berekningsgrunnlaget. Uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 10,6 % ved utgangen av 1. kvartal 2026 mot 10,6 % på tilsvarende tidspunkt i fjor.

Overskotet til no i år er ikkje teke med i berekningane av kapitaldekning. Utbyttet som generalforsamlinga i banken vedtok på generalforsamlinga 29. april 2026 på NOK 18,75 per aksje er heller ikkje teke med i berekningane av kapitaldekning.

Banken har fått fastsett pilar 2-krav frå Finanstilsynet pr. 31. oktober 2025 på 1,8 %, og ein kapitalkravsmargin på 1,0 % frå same dato. Dette var i tråd med banken sine forventningar.

Banken rapporterer konsolidert kapitaldekning der ein tek omsyn til banken sine eigarandelar i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Banken si konsoliderte kapitaldekning er 26,51 % ved utgangen av 1. kvartal, medan konsolidert kjernekapitaldekning og rein kjernekapitaldekning er på høvesvis 23,83 % og 22,13 %. Konsolidert uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 9,27 %.

Banken har i 1. kvartal 2026 vald å implementere massemarknadsbehandling for delar av utlånsportefølja. Dette inneber at risikovekta for aktuelle engasjement er redusert frå 100 % til 75 % i tråd med gjeldande regelverk (CRR artikkel 123). For detaljar sjå note 9.

REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

UTSIKTENE FOR 2026

Styret meiner at banken med si solide basisdrift, god vekst og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken har klart å styrke kjernedrifta dei siste åra gjennom bevisst satsing på kvalitetsmessig vekst og vekst i andre inntekter. Med fleire tilsette og utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt styrkjer dette banken sitt inntektsgrunnlag frametter.

Krigen i Midtausten, stenging av Hormuzstredet, vedvarande krig i Ukraina kombinert med høg inflasjon har ført til auka usikkerheit. I sum bremsar dette aktiviteten i mange bransjar og den økonomiske veksten. Banken har teke omsyn til dette i vurderingane av nedskrivningane på utlån. Vurderingane er gjort i samsvar med krava under IFRS 9.

Banken har dei siste åra hatt ein konservativ risikoprofil når det gjeld forvaltningsmandat i sine verdipapirplasseringar, og dette har sikra banken låg risiko for tap i portefølja.


FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF I SAMSVAR MED VERDIPAPIRHANDELLOVA


Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapen for 1. kvartal 2026 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gjev eit rettvissande bilete av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvissande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Administrerande banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00


Voss, 12. mai 2026


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


Stein Kvarekvål
Styreleiar


Marita Østrem
Nestleiar

 
Gunvall Medhus Hege Solbakken


Solfrid Dagestad Midttun
Tilsette sin repr.


Stig Gunnar Røthe
Adm. banksjef

RESULTAT - KONSERN

| Resultat | | | | Året |
|--|-------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| <i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i> | Note | 31.03.2026 | 31.03.2025 | 31.12.2025 |
| Renteinntekter frå eigenlutar vurdert til amortisert kost | | 85.708 | 86.891 | 354.444 |
| Rentekostnader og liknande kostnader | | 53.632 | 53.791 | 216.581 |
| Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter | | 32.076 | 33.100 | 137.862 |
| Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester | | 5.554 | 5.004 | 22.350 |
| Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester | | 855 | 952 | 3.383 |
| Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument | | 136 | 106 | 5.401 |
| Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument | 7 | 4.493 | 6.371 | 25.312 |
| Andre driftsinntekter | | 2.153 | 2.065 | 9.996 |
| Netto andre driftsinntekter | | 11.481 | 12.593 | 59.675 |
| Løn og andre personalkostnader | | 11.796 | 9.946 | 40.920 |
| Andre driftskostnader | | 10.130 | 9.287 | 38.198 |
| Avskrivningar og nedskrivningar på varige og immaterielle eigenlutar | | 573 | 407 | 1.849 |
| Sum driftskostnader | | 22.498 | 19.640 | 80.967 |
| Resultat før tap | | 21.060 | 26.053 | 116.571 |
| Kreditttap på utlån, unyttta kredittar og garantiar | 5 | -671 | -556 | 649 |
| Resultat før skatt | | 21.730 | 26.609 | 115.921 |
| Skattekostnad | | 5.441 | 6.648 | 26.613 |
| Resultat av ordinær drift etter skatt | | 16.289 | 19.961 | 89.308 |
| <i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i> | | | | |
| Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi | 7 | 1.075 | 2.590 | 16.777 |
| Sum postar som ikkje vil bli klassisifert over resultatet | | 1.075 | 2.590 | 16.777 |
| Verdiendring utlån til virkelig verdi | | 93 | 49 | 144 |
| Verdiendring rentebærende verdipapirer til virkelig verdi | | | 0 | 0 |
| Skatt | | -16 | -12 | -36 |
| Sum postar som vil bli klassisifert over resultatet | | 77 | 37 | 108 |
| Totalresultat | | 17.441 | 22.588 | 106.193 |
| Resultat per aksje | | 6,96 | 8,52 | 38,20 |
| <i>Resultat etter skatt</i> | | | | |
| Aksjeeigarane sin andel av resultatet | | 15.345 | 18.786 | 84.190 |
| Hybridkapitaleigarane sin andel av resultatet | | 1.058 | 1.117 | 4.450 |
| Ikkje kontrollerande eigarinteresser sin andel av resultatet | | -114 | 58 | 668 |
| <i>Totalresultat</i> | | | | |
| Aksjeeigarane sin andel av resultatet | | 16.497 | 21.413 | 101.074 |
| Hybridkapitaleigarane sin andel av resultatet | | 1.058 | 1.117 | 4.450 |
| Ikkje kontrollerande eigarinteresser sin andel av resultatet | | -114 | 58 | 668 |

RESULTAT - MORBANK

| Resultat | | | | Året |
|--|------|---------------|---------------|----------------|
| <i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i> | Note | 31.03.2026 | 31.03.2025 | 31.12.2025 |
| Renteinntekter frå eigenlutar vurdert til amortisert kost | | 85.712 | 86.895 | 354.463 |
| Rentekostnader og liknande kostnader | | 53.632 | 53.791 | 216.594 |
| Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter | | 32.080 | 33.104 | 137.869 |
| Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester | | 5.554 | 5.004 | 22.350 |
| Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester | | 855 | 952 | 3.383 |
| Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument | | 136 | 106 | 5.401 |
| Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument | 7 | 4.493 | 6.371 | 25.312 |
| Andre driftsinntekter | | 3 | 0 | 10 |
| Netto andre driftsinntekter | | 9.332 | 10.528 | 49.689 |
| Løn og andre personalkostnader | | 10.784 | 9.207 | 37.239 |
| Andre driftskostnader | | 8.734 | 8.159 | 33.838 |
| Avskrivningar og nedskrivningar på varige og immaterielle eigenlutar | | 536 | 364 | 1.660 |
| Sum driftskostnader | | 20.055 | 17.731 | 72.737 |
| Resultat før tap | | 21.357 | 25.902 | 114.822 |
| Kredittap på utlån, unytta kredittar og garantiar | 5 | -671 | -556 | 649 |
| Resultat før skatt | | 22.028 | 26.458 | 114.173 |
| Skattekostnad | | 5.507 | 6.615 | 26.228 |
| Resultat av ordinær drift etter skatt | | 16.521 | 19.843 | 87.944 |
| <i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i> | | | | |
| Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi | 7 | 1.075 | 2.590 | 16.777 |
| Skatt | | | | |
| Sum postar som ikkje vil bli klassisifert over resultatet | | 1.075 | 2.590 | 16.777 |
| Verdiendring utlån til virkelig verdi | | 93 | 49 | 144 |
| Skatt | | -16 | -13 | -36 |
| Sum postar som vil bli klassisifert over resultatet | | 77 | 37 | 108 |
| Totalresultat | | 17.673 | 22.470 | 104.829 |
| Resultat per aksje | | 7,02 | 8,50 | 37,89 |

Balanse - Eigenlutar - Konsern

| <i>Tal i tusen kroner</i> | Note | 31.03.2026 | 31.03.2025 | 31.12.2025 |
|---|------|------------------|------------------|------------------|
| Kontantar og kontantekvivalentar | | 84.921 | 82.961 | 82.563 |
| Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | | 76.466 | 105.556 | 212.461 |
| Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi | 4, 5 | 4.596.082 | 4.178.575 | 4.534.140 |
| Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost | 4, 5 | 1.580.553 | 1.501.671 | 1.576.145 |
| Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument | 7 | 603.043 | 617.899 | 589.697 |
| Varige driftsmidler | | 23.790 | 19.900 | 24.353 |
| Andre eigenlutar | | 6.531 | 7.606 | 7.753 |
| Sum eigenlutar | | 6.971.385 | 6.514.168 | 7.027.111 |

Balanse - Gjeld og eigenkapital - Konsern

| <i>Tal i tusen kroner</i> | Note | 31.03.2026 | 31.03.2025 | 31.12.2025 |
|--|------|------------------|------------------|------------------|
| Innskot frå kundar | | 4.960.053 | 4.653.381 | 5.049.265 |
| Gjeld stifta ved utferding av verdipapir | 8 | 1.006.091 | 933.821 | 1.005.793 |
| Anna gjeld | | 54.309 | 37.198 | 18.211 |
| Forpliktingar ved skatt | | 11.554 | 10.993 | 30.813 |
| Andre avsetningar | | 724 | 330 | 690 |
| Ansvarleg lånekapital | 8 | 80.502 | 80.556 | 80.559 |
| Sum gjeld | | 6.113.233 | 5.716.279 | 6.185.331 |
| Innskoten eigenkapital | 10 | 58.014 | 58.014 | 58.014 |
| Opptent eigenkapital | | 732.355 | 668.887 | 732.148 |
| Ikkje kontrollierende eigarinteresser | | 1.316 | 819 | 1.430 |
| Fondsobligasjonskapital | | 50.178 | 50.208 | 50.188 |
| Resultat i perioden etter skatt | | 16.289 | 19.961 | 0 |
| Sum eigenkapital | 9 | 858.152 | 797.889 | 841.780 |
| Sum gjeld og eigenkapital | | 6.971.385 | 6.514.168 | 7.027.111 |

Balanse - Eigenlutar - Morbank*Tal i tusen kroner*

| | Note | 31.03.2026 | 31.03.2025 | 31.12.2025 |
|---|------|------------------|------------------|------------------|
| Kontantar og kontantekvivalentar | | 84.921 | 82.961 | 82.563 |
| Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | | 76.466 | 105.556 | 212.461 |
| Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi | 4, 5 | 4.596.082 | 4.178.575 | 4.534.140 |
| Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost | 4, 5 | 1.580.553 | 1.501.671 | 1.576.145 |
| Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument | 7 | 603.043 | 617.899 | 589.697 |
| Eigarinteresser i konsernselskap | | 153 | 153 | 153 |
| Varige driftsmidler | | 22.939 | 18.914 | 23.476 |
| Andre eigenlutar | | 4.983 | 5.765 | 5.713 |
| Sum eigenlutar | | 6.969.139 | 6.511.494 | 7.024.348 |


Balanse - Gjeld og eigenkapital- Morbank*Tal i tusen kroner*


| | Note | 31.03.2026 | 31.03.2025 | 31.12.2025 |
|---|----------|------------------|------------------|------------------|
| Innskot frå kundar | | 4.961.962 | 4.653.819 | 5.050.920 |
| Gjeld stifta ved utferdig av verdipapir | 8 | 1.006.091 | 933.821 | 1.005.793 |
| Anna gjeld | | 52.920 | 35.804 | 16.968 |
| Forplikingar ved skatt | | 11.459 | 10.797 | 30.411 |
| Andre avsetningar | | 585 | 328 | 682 |
| Ansvarleg lånekapital | 8 | 80.502 | 80.556 | 80.559 |
| Sum gjeld | | 6.113.519 | 5.715.124 | 6.185.333 |
| Innskoten eigenkapital | 10 | 58.014 | 58.014 | 58.014 |
| Opptent eigenkapital | | 730.906 | 668.305 | 730.813 |
| Fondsobligasjonskapital | | 50.178 | 50.208 | 50.188 |
| Resultat i perioden etter skatt | | 16.521 | 19.843 | 0 |
| Sum eigenkapital | 9 | 855.620 | 796.370 | 839.015 |
| Sum gjeld og eigenkapital | | 6.969.139 | 6.511.494 | 7.024.348 |


Voss, 12. mai 2026

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



 Stein Kvarekvål
 Styreleiar


 Marita Østrem
 Nestleiar


 Gunvill Medhus


 Hege Solbakken


 Solfrid Dagestad Midttun
 Tilsette sin repr.


 Stig Gunnar Røthe
 Adm. banksjef

EIGENKAPITALOPPSTILLING - KONSERN

| Tal i tusen kroner | Innskoten egenkapital | | | | Opptent egenkapital | | | Sum egenkapital |
|--|-----------------------|--------------|----------|--------------------------|--------------------------------------|------------------------------|---------------------------|-----------------|
| | Aksjar | Eigne aksjar | Overkurs | Fondsobligasjons-kapital | Ikkje-kontrollerande eigarinteresser | Fond for urealiserte vinstar | Annen opptent egenkapital | |
| Eigenkapital 31.12.2025 | 11.103 | -84 | 46.995 | 50.188 | 1.430 | 41.351 | 690.797 | 841.780 |
| Resultat etter skatt | | | | 1.058 | -114 | -128 | 15.473 | 16.289 |
| Ompostering til annan opptent egenkapital ved urealisert netto tap | | | | | | -73 | 73 | 0 |
| Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader | | | | | | 1.075 | | 1.075 |
| Verdiendring utlån til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader | | | | | | 93 | | 93 |
| Skatt på verdiendring utlån | | | | | | | -16 | -16 |
| Totalresultat 31.03.2026 | 0 | 0 | 0 | 1.058 | -114 | 967 | 15.530 | 17.441 |
| Transaksjoner med eierne | | | | | | | | 0 |
| Utbetalt utbytte | | | | | | | | 0 |
| Utbetaling av gaver | | | | | | | | 0 |
| Utstedelse av ny fondsobligasjon | | | | | | | | 0 |
| Utbetalte renter fondsobligasjon | | | | -1.068 | | | | -1.068 |
| Endring egne egenkapitalbevis | | | | | | | | 0 |
| Andre egenkapitaltransaksjoner | | | | | | | | 0 |
| Eigenkapital 31.03.2026 | 11.103 | -84 | 46.995 | 50.178 | 1.318 | 42.318 | 706.327 | 858.152 |
| Eigenkapital 31.12.2024 | 11.103 | -84 | 46.995 | 50.187 | 761 | 37.296 | 630.138 | 776.397 |
| Resultat etter skatt | | | | 1.117 | 58 | -128 | 18.914 | 19.961 |
| Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger | | | | | | | | 0 |
| Vinst sal eigenkapitalinstrument | | | | | | | | 0 |
| Verdiendring på finansielle eigenlutar over utvida resultat | | | | | | 2.590 | | 2.590 |
| Verdiendring på finansielle eigenlutar til annan egenkapital | | | | | | | | 0 |
| Verdiendring utlån til virkelig verdi | | | | | | 49 | | 49 |
| Skatt på verdiendring utlån | | | | | | -12 | | -12 |
| Totalresultat 31.03.2025 | 0 | 0 | 0 | 1.117 | 58 | 2.499 | 18.914 | 22.588 |
| Transaksjoner med eierne | | | | | | | | 0 |
| Utbetalt utbytte | | | | | | | | 0 |
| Utbetaling av gaver | | | | | | | | 0 |
| Utstedelse av ny fondsobligasjon | | | | | | | | 0 |
| Utbetalte renter fondsobligasjon | | | | -1.096 | | | | -1.096 |
| Endring egne egenkapitalbevis | | | | | | | | 0 |
| Andre egenkapitaltransaksjoner | | | | | | | | 0 |
| Eigenkapital 31.03.2025 | 11.103 | -84 | 46.995 | 50.208 | 819 | 39.795 | 649.052 | 797.890 |

EIGENKAPITALOPPSTILLING - MORBANK

| Tal i tusen kroner | Innskoten egenkapital | | | | Opptent egenkapital | | | Sum egenkapital |
|--|-----------------------|--------------|----------|--------------------------|------------------------------|---------------------------|---------|-----------------|
| | Aksjar | Eigne aksjar | Overkurs | Fondsobligasjons-kapital | Fond for urealiserte vinstar | Annen opptent egenkapital | | |
| Eigenkapital 31.12.2025 | 11.103 | -84 | 46.995 | 50.188 | 41.351 | 689.462 | 839.015 | |
| Resultat etter skatt | | | | 1.058 | -128 | 15.592 | 16.521 | |
| Ompostering til annan opptent egenkapital ved urealisert netto tap | | | | | -73 | 73 | 0 | |
| Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader | | | | | 1.075 | | 1.075 | |
| Verdiendring utlån til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader | | | | | 93 | | 93 | |
| Skatt på verdiendring utlån | | | | | | -16 | -16 | |
| Totalresultat 31.03.2026 | 0 | 0 | 0 | 1.058 | 967 | 15.650 | 17.673 | |
| Utbetalt utbytte | | | | | | | 0 | |
| Utbetalte renter fondsobligasjon | | | | -1.068 | | | -1.068 | |
| Eigenkapital 31.03.2026 | 11.103 | -84 | 46.995 | 50.178 | 42.318 | 705.112 | 855.620 | |
| Eigenkapital 31.12.2024 | 11.103 | -84 | 46.995 | 50.187 | 37.296 | 629.500 | 774.997 | |
| Resultat etter skatt | | | | 1.117 | -128 | 18.854 | 19.843 | |
| Verdiendring på finansielle eigenlutar over andre inntekter og kostnader | | | | | 2.590 | | 2.590 | |
| Verdiendring utlån til virkelig verdi | | | | | 49 | | 49 | |
| Skatt på verdiendring utlån | | | | | -12 | | -12 | |
| Totalresultat 31.03.2025 | 0 | 0 | 0 | 1.117 | 2.499 | 18.854 | 22.470 | |
| Utbetalt utbytte | | | | | | | 0 | |
| Utbetalte renter fondsobligasjon | | | | -1.096 | | | -1.096 | |
| Eigenkapital 31.03.2025 | 11.103 | -84 | 46.995 | 50.208 | 39.795 | 648.354 | 796.371 | |

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

| | Morbank | | Konsern | |
|---|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Tal i tusen kroner | 1. kvartal 2026 | 1. kvartal 2025 | 1. kvartal 2026 | 1. kvartal 2025 |
| Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter | | | | |
| Netto utbetaling av lån til kunder | -54.236 | -61.314 | -54.236 | -61.314 |
| Renteinnbetalinger på utlån til kunder | 82.108 | 83.502 | 82.108 | 83.502 |
| Netto inn-/utbetaling av innskot fra kunder | -108.471 | -28.038 | -108.471 | -28.038 |
| Renteutbetalinger på innskot fra kunder | -2.277 | -822 | -2.277 | -822 |
| Netto inn-/utbetalinger av lån fra kredittinstitusjoner | 2.583 | 2.326 | 2.583 | 2.326 |
| Netto provisjonsinnbetalinger | 4.699 | 4.052 | 4.699 | 4.052 |
| Utbetalinger til drift | -10.455 | -11.653 | -10.455 | -11.653 |
| Betalt skatt | -24.433 | -24.358 | -24.433 | -24.358 |
| A Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter | -110.481 | -36.305 | -110.481 | -36.305 |
| Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter | | | | |
| Netto investering i varige driftsmidler | | -630 | | -630 |
| Netto investering i langsiktige verdipapir | -7.864 | -3.856 | -7.864 | -3.856 |
| Utbytte fra langsiktige investeringer i aksjar | 136 | 106 | 136 | 106 |
| B Netto kontantstrøm fra investeringsaktivitet | -7.728 | -4.380 | -7.728 | -4.380 |
| Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter | | | | |
| Innbetaling ved utferding av verdipapirgjeld | 100.000 | 150.000 | 100.000 | 150.000 |
| Utbetaling ved forfall verdipapirgjeld | -100.000 | -150.000 | -100.000 | -150.000 |
| Renteutbetaling på gjeld stifta ved utferding av verdipapir | -13.046 | -13.390 | -13.046 | -13.390 |
| Innbetaling ved utferding av ansvarlege lån | | | | |
| Utbetaling ved forfall ansvarlege lån | | | | |
| Renteutbetaling på ansvarlege lån | -1.314 | -1.386 | -1.314 | -1.386 |
| Renteutbetaling på fondsobligasjon | -1.068 | -1.096 | -1.068 | -1.096 |
| Aksjeutbytte | | | | |
| C Netto kontantstrøm fra finansieringsaktivitet | -15.427 | -15.873 | -15.427 | -15.873 |
| A + B + C Netto endring likvidar i perioden | -133.637 | -56.557 | -133.637 | -56.557 |
| Likviditetsbeholdning 1.1 | 295.024 | 245.074 | 295.024 | 245.074 |
| Likviditetsbeholdning 31.03 | 161.387 | 188.517 | 161.387 | 188.517 |
| Likviditetsbeholdning spesifisert: | | | | |
| Kontantar og fordringar på Sentralbanken | 84.921 | 82.961 | 84.921 | 82.961 |
| Fordringar på kredittinstitusjonar | 76.466 | 105.556 | 76.466 | 105.556 |
| Likviditetsbeholdning | 161.387 | 188.517 | 161.387 | 188.517 |

NOTE 1 - Generell informasjon

Banken konsoliderer inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eid 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS.

Krigen i Midtausten og stenging av Hormuzstredet fører til ny usikkerheit, og inflasjonen er framleis over Noregs Bank sitt mål. Dette fører til auka usikkerheit i økonomien, sjølv om me merkar lite til dette lokalt.

Banken med si fordeling 83 % PM og 17 % BM, med ei godt diversifisert BM-portefølje og ein solid kapitalstatus har gode føresetnader til å stå imot auka usikkerheit og å kunne vekse vidare.

NOTE 2 - Rekneskapsprinsipp og -estimat

Rekneskapsprinsipp

Kvartalsrekneskapen omfattar perioden 01.01.2026 - 31.03.2026. Kvartalsrekneskapen er utarbeida i samsvar med IFRS-delårsrapportering.

Delårsrekneskapane er ureviderte. Føreliggjande kvartalsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande standardar under IFRS og IFRIC-fortolkningar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap, og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2025.

Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskapen medfører at leiinga gjer estimat og skjønsmessige vurderingar og tek føresetnader som påverkar effekten av bruken av rekneskapsprinsipp og dermed rekneskapsførte beløp for eignelutar, forpliktingar, inntekter og kostnader. I årsrekneskapen for 2025 er det gjort nærare greie for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp. Estimater og skjønsmessige vurderingar vert løpande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert sett på som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnader og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er nytta.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er oppgjeve. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

Nedskrivningar på utlån

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, vert det gjort berekningar for å fastsetja verdien på kvart enkelt utlån eller på grupper av utlån. Berekningane føreset at det vert nytta storleikar som er basert på vurderingar, og desse påverkar igjen dei berekna verdiane. Nedskrivingsvurderingar vert gjennomførte kvart kvartal.

Nedskrivningar i steg 1 og 2

Engasjement som ikkje er vorte individuelt nedskrivne, inngår i berekning av statistiske nedskrivningar (IFRS 9-nedskrivningar) på utlån og garantiar. Nedskrivning vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper. Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt på det berekna nedskrivingsbehovet på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, herunder sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling. Sjå note om generelle rekneskapsprinsipp i årsrapport for 2025 for ei skildring av nedskrivningsmodellen under IFRS 9, samt omtale av vesentleg auke i kredittrisiko og kriterier for overgang til steg 2.

Uvisse knytt til estimata fører til at det har vore naudsynt å nytta meir skjønn og gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivningar på utlån. Dei modellberekna nedskrivningane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for situasjonen som har oppstått, med svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med det som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivningsmodellen.

Banken har berekna nedskrivningar i steg 1 og steg 2 for kredittportefølja, på grunnlag av kor utsette dei ulike segmenta og bransjane er innafor banken sine engasjement. Nedskrivningane for engasjement innafor ulike segment og bransjar vert tilført ein justeringsfaktor i prosent avhengig av risikograd. Justeringsfaktoren vert multiplisert med banken si eksponering innan ulike segment og bransjar. Dei berekna nedskrivingsbeløpa etter risiko og eksponering, vert så lagt til dei modellberekna nedskrivningane. Nedskrivningar på utlån til bedriftsmarknaden i steg 1 og steg 2 er uendra samanlikna med utgangen av fjoråret. Nedskrivningar på utlån til personmarknaden i steg 1 og steg 2 er redusert med 0,3 mill. kr samanlikna med utgangen av fjoråret. Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 5.

Verkeleg verdi for finansielle instrument

For verdsetjinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3 (sjå note 7).

NOTE 3 - Kredittforringa engasjement

| Misleghald over 90 dagar | 1. kvartal 2026 | 1. kvartal 2025 | Året 2025 |
|--|----------------------------|----------------------------|----------------------|
| Brutto misleghelde engasjement - personmarknaden | 4.449 | 7.389 | 5.077 |
| Brutto misleghelde engasjement - bedriftsmarknaden | 7.208 | 10 | 7.296 |
| Nedskrivningar i steg 3 | -1.493 | -1.158 | -1.611 |
| Netto misleghelde engasjement | 10.164 | 6.241 | 10.761 |
| Andre kredittforringa | 1. kvartal 2026 | 1. kvartal 2025 | Året 2025 |
| Brutto andre kredittforringa engasjement - personmarknaden | 23.284 | 29.850 | 32.272 |
| Brutto andre kredittforringa engasjement - bedriftsmarknaden | 24.654 | 26.608 | 25.778 |
| Nedskrivningar i steg 3 | -10.134 | -14.129 | -11.857 |
| Netto andre kredittforringa engasjement | 37.804 | 42.329 | 46.194 |

NOTE 4 - Fordeling utlån kundar

| Utlån til kundar fordelt på sektorar og næring | 1. kvartal 2026 | 1. kvartal 2025 | Året 2025 |
|--|--------------------|--------------------|------------------|
| Primærnæringar | 53.121 | 48.230 | 55.366 |
| Industri og bergverk | 34.694 | 36.509 | 34.582 |
| Kraftforsyning | 3.052 | 3.557 | 3.016 |
| Bygg og anleggsverksemd | 133.880 | 89.825 | 120.824 |
| Varehandel | 67.387 | 91.765 | 55.212 |
| Transport | 14.369 | 20.153 | 14.903 |
| Overnattings- og serveringsverksemd | 39.974 | 39.110 | 41.387 |
| Informasjon og kommunikasjon | 1 | 0 | 2 |
| Omsetning og drift av fast eigedom | 559.814 | 531.575 | 531.747 |
| Tenesteytande verksemd | 155.600 | 211.536 | 189.687 |
| Sum næring | 1.061.891 | 1.072.260 | 1.046.726 |
| Personkundar | 5.139.077 | 4.635.831 | 5.090.075 |
| Brutto utlån | 6.200.968 | 5.708.091 | 6.136.801 |
| Steg 1 nedskrivningar | -5.068 | -4.199 | -5.057 |
| Steg 2 nedskrivningar | -7.639 | -8.359 | -7.991 |
| Steg 3 nedskrivningar | -11.627 | -15.287 | -13.468 |
| Netto utlån til kundar | 6.176.634 | 5.680.246 | 6.110.285 |
| Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK) | 1.056.965 | 857.400 | 1.015.727 |
| Totale utlån inkl. portefølja i EBK | 7.233.599 | 6.537.646 | 7.126.012 |

NOTE 5 - Nedskrivningar og tap - morbank

Banken sine utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar er gruppert i tre steg, fordeling mellom steg vert føreteke for det einsskide lån eller engasjement. Tabellane under spesifiserer endringane i perioden sine nedskrivningar og brutto balanseført utlån, garantiar og unytta trekkrettigheter for kvart steg, og inkluderer fylgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittisiko, frå 12 måneder venta kredittap i steg 1 til kredittap over venta levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utferding av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivningar ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldast endringer i inputvariablar, berekningsforutsetningar, makroøkonomiske føresetnadar og effekten av diskonteringa.
- Netto endring viser endring i tap eller engasjement som fylge av innbetalingar/auke av saldo der lån ikkje har skifta steg.
- Konstaterte tap

| 31.03.2026 | Steg 1 | Steg 2 | Steg 3 | |
|--|--------------------|--------------------|--------------------|---------------|
| Nedskrivninger på utlån til kunder - personmarknaden | 12 mnd. tap | Livstid tap | Livstid tap | Totalt |
| Nedskrivninger pr. 01.01.2026 | 1.928 | 3.210 | 4.281 | 9.419 |
| Overføringer mellom steg: | | | | |
| Overføringer til steg 1 | 102 | -102 | 0 | 0 |
| Overføringer til steg 2 | -19 | 19 | 0 | 0 |
| Overføringer til steg 3 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto endring | -54 | 147 | 114 | 207 |
| Endringer som fylgje av nye eller auka utlån | 118 | 15 | 0 | 133 |
| Utlån som er frårekna i perioden | -66 | -477 | -1.964 | -2.507 |
| Konstaterte tap | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Endra eksponering eller endring i modell eller risikoparametre | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Nedskrivningar personmarknaden pr. 31.03.2026 | 2.009 | 2.813 | 2.431 | 7.253 |

| 31.03.2026 | Steg 1 | Steg 2 | Steg 3 | |
|--|--------------------|--------------------|--------------------|------------------|
| Brutto utlån til kunder - personmarknaden | 12 mnd. tap | Livstid tap | Livstid tap | Totalt |
| Brutto utlån pr. 01.01.2026 | 4.803.768 | 248.961 | 37.346 | 5.090.075 |
| Overføringer mellom steg: | | | | |
| Overføringer til steg 1 | 55.522 | -55.522 | 0 | 0 |
| Overføringer til steg 2 | -72.803 | 72.803 | 0 | 0 |
| Overføringer til steg 3 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto endring | -43.869 | 229 | -2 | -43.642 |
| Nye utlån utbetalt | 590.399 | 11.459 | 0 | 601.858 |
| Utlån som er frårekna i perioden | -450.094 | -49.505 | -9.614 | -509.214 |
| Konstaterte tap | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Brutto utlån til personmarknaden pr. 31.03.2026 | 4.882.923 | 228.424 | 27.730 | 5.139.077 |

| 31.03.2026 | Steg 1 | Steg 2 | Steg 3 | |
|--|--------------------|--------------------|--------------------|---------------|
| Nedskrivninger på utlån til kunder - bedriftsmarknaden | 12 mnd. tap | Livstid tap | Livstid tap | Totalt |
| Nedskrivninger pr. 01.01.2026 | 3.129 | 4.781 | 9.187 | 17.097 |
| Overføringer mellom steg: | | | | |
| Overføringer til steg 1 | 97 | -97 | 0 | 0 |
| Overføringer til steg 2 | -42 | 42 | 0 | 0 |
| Overføringer til steg 3 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto endring | -139 | 44 | 103 | 9 |
| Endringer som fylgje av nye eller auka utlån | 132 | 61 | 0 | 193 |
| Utlån som er frårekna i perioden | -119 | -5 | -94 | -218 |
| Konstaterte tap | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Endra eksponering eller endring i modell eller risikoparametre | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Nedskrivningar bedriftsmarknaden pr. 31.03.2026 | 3.059 | 4.826 | 9.196 | 17.081 |

| 31.03.2026 | Steg 1 | Steg 2 | Steg 3 | |
|--|--------------------|--------------------|--------------------|------------------|
| Brutto utlån til kunder - bedriftsmarknaden | 12 mnd. tap | Livstid tap | Livstid tap | Totalt |
| Brutto utlån pr. 01.01.2026 | 890.866 | 122.825 | 33.036 | 1.046.727 |
| Overføringer mellom steg: | | | | |
| Overføringer til steg 1 | 9.759 | -9.759 | 0 | 0 |
| Overføringer til steg 2 | -15.437 | 15.437 | 0 | 0 |
| Overføringer til steg 3 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto endring | -32.424 | 11.416 | -1.716 | -22.724 |
| Nye utlån utbetalt | 59.705 | 4.388 | 0 | 64.094 |
| Utlån som er frårekna i perioden | -23.401 | -1.962 | -842 | -26.205 |
| Konstaterte tap | 0 | 0 | 0 | 0 |
